



## › MÅL

### Giske kommune skal ha ein berekraftig kommunal økonomi

MÅL	Det skal vere økonomisk balanse i drifta kvart år i planperioden	Netto driftsresultat skal vere 1,75% av brutto inntekter frå 2023	Det skal avsetjast til disposisjonsfond kvart år i perioden.	Disposisjonsfondet skal vere 10% av brutto driftsinntekter innan 2027.
Korleis lukkast	Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme		Alle einingar må tilpasse tildelt budsjettramme	
Korleis måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		Av Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk skal 1,75% av brutto driftsresultat setjast av til disposisjonsfond	
Resultatmål 2023	3 - 5 %	- 0,66 %	kr 1138	1,88 %
Resultat 2023	0,37 %	0,37 %	kr 21 631 020	5,8 %

\*Henta frå budsjett, alle tal i heile 1000.

Giske kommune har handlingsregel for økonomisk berekraft, jf. tabell under, som viser måla som er fastsett i økonomiplan og indikatorar for rekneskap 2023.

### Handlingsreglar, retning for dei kommunale tenestene i planperioden

Nøkkeltall	Vedteke nivå	Resultat 2023	Resultat 2022
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	3-5%	0,37 %	4 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	5-10%	5,84 %	4,57 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	2-3%	6,96 %	8,1 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	142 %	140 %
Avvik frå budsjett (netto driftsresultat)	0,5-1%	118,7 %	469 %

Måltal vedteke i k.sak 52/19

Modellen for økonomisk berekraft set krav til langsiktig økonomistyring av kommunen. Handlefridom og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere uforutsette hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samtidig som generasjonsprinsippet vert ivareteke.

Kommunen har auka disposisjonsfondet, og Giske kommune er dermed mindre sårbare overfor svingningar.